



Slik skein Grana like etter tenninga i 2005. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No er det berre ein måned igjen til tenninga av den einaste permanente julegrana i Kvinnherad kombinert med julemarknad for tredje gong. 30. november er datoen som alle bør merka seg. Aktivitetshusets Damevenner er allereie godt igang med førebuingane til marknaden, fortel Anita Enæs til uskedalen.no



Tre salsivrige jenter i pepperkakeavdelinga på Helgheim i 2006: Victoria A. Eik, Bente Halvorsen og Susanne L. Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi satsar på at det skal bli ein like stor suksess som dei føregåande åra, seier Anita. Skulemusikken skal som før spela, det blir sal av graut i kjellaren på Helgheim og salsboder med diverse. Skulen er sjølvstøtt med på opplegget også dette året og elevane er godt i gang med å laga sine "salsprodukter".

Men no må alle andre som på ein eller annan måte vil bidra med salsboder, underhaldning og anna melde seg.. Turngruppa skal for sin del ha julebutikk i den tidlegare Sætre-bygningen.

- Dette er ein kjempeflott og effektiv måte å visa fram til dømes sine heimelaga produkt, held Anita fram. Kontaktpersonar er Klara på Zjakk Frisørsalong eller Gunn Mari på Spar.

Anita fortel at det denne kvelden også vil bli trekking av den flotte gutebunaden som Selma Eik no er i ferd med å fullføra og som uskedalen.no skreiv om tysdag. Loddsalet på bunaden er i gang frå onsdag på Spar, i banken og på bensinstasjonen.



- Alle som vil bidra til julemarknaden bør melda seg no, seier Anita Enæs. (Foto: Kristian Hus)

Av Ola Matti Mathisen



Og slik skein Grana like etter tenninga i 2006. (Foto: Ola Matti Mathisen)